



Stein Edvard Tvedt
Vefjell 81
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3275 - 19/35984

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
04.12.2019

Landbrukssak Gbnr 47/1 Vefjell - Varsel om dokumentkontroll

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjonstilskot i jordbruket 2019 for føretaket 920850499 Stein Edvard Tvedt

Lindås kommune v/landbrukskontoret viser til føretaket 920850499 sin søknad om produksjonstilskot i jordbruket for 2019.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2018-31, punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.** Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll.

Kontrollen vil omhandla:

- Dokumentkontroll av sau av bevaringsverdig rase med låst rasekode i sauekontrollen per 01.10.2019.

Bevaringsverdige rasar av sau; Det følj av forskrift om produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket av 19. desember 2014 at det kan gjevast tilskot for sau som er registrert med låst rasekode i Sauekontrollen på teljedato 1. oktober. Det følj av jordbruksavtalen at det vert gjevne tilskot for sau fødd året før eller tidlegare.

Rasane blæsa, dala, fuglestadbrogete, grå trønder, rygja og steigar er rekna for å vera bevaringsverdige.

Gammalnorsk spæl er ikkje lenger del av ordninga frå og med 2019.



Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller på epost til postmottak@lindas.kommune.no innan onsdag 18.Desember 2019.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna på oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Med helsing

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stein Edvard Tvedt

Vefjell 81

5957

MYKING